



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 28.06.2019
Vår ref.: 2019/13195-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 88, bnr. 1 - Risøy - Lindås kommune

Viser til brev datert 19.06.2019 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på gnr. 88, bnr. 1 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av tiltaket søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.